

## **Forskrift om fartsgrense for fritidsfartøy i Kvam herad, Vestland, sjøkart nr. 117**

Forskrift fastsett av Kvam heradsstyre XX.XX.2022 med heimel i lov 21. juni 2019 nr. 70 om havner og farvann § 8 og § 51.

### **§ 1 Verkeområde**

Forskrifta gjeld for fritidsfartøy i kommunen sitt sjøområde slik det fremgår av § 2. Med fritidsfartøy vert meint fartøy som har ei største lengde på inntil 24 meter, og som ikkje vert nytta i næringsverksemd.

### **§ 2 Fartsgrense**

5 knop er høgaste tillatne fart i følgjande område:

*Bukta ved Nordheimsund i Kvam herad i Vestland fylke (sjøkart nr. 117), innanfor ei linje rettvissende nordøst til sydvest gjennom det nordligste punkt på Sandvenskjæret.*

### **§ 3 Dispensasjon**

Kommunen kan gje dispensasjon fra føresegna i § 2. Dispensasjon skal vera tidsavgrensa.

Avgjerd om dispensasjon er eit enkeltvedtak som kan verte påklaga. Klageinstans er Kystverket.

### **§ 4 Straff**

Med bot straffast den som med forsett eller i aktløyse bryt føresegna i § 2. Bøtelegginga kan skje ved forenkla forelegg etter faste bøtesatsar.

Med bot eller fengsel inntil to år straffast den som overtrer føresegna i § 2 på ein slik måte at det inntreier eller oppstår fare for betydeleg skade på liv eller helse, miljø eller materielle verdiar.

Grovt aktløyst brot etter andre ledd straffast med bot eller fengsel inntil eitt år.

### **§ 5 Ikraftsetting**

Forskrifta trer i kraft 01.06.2022.